

Set større krav til drosjeeigarar og sjåførar.

Etter mange år som sjåfør og drosjeeigar i distrikts-Noreg, har eg sett på den utviklinga som har gått føre dei siste åra. Spesielt krava som løyvingsmyndigheita stiller for at ein skal bli drosjeeigar eller sjåfør.

For å bli drosjesjåfør er kravet ein «vandelsattest» frå Politiet, slik at sjåføren får eit bevis til å køyra mot vederlag, samt at dei dei større byane også er krav om ein kjentmannsprøve.

Dei som vil bli innehavar av eit drosjeløyve må ta eit løyvekurs på ti innsendte brev, i regi av Norges Taxiforbund eller NKI, samt økonomisk garanti. Om det er fleire søkjarar på eit utlyst løyve, er det ansiennitet prinsippa som gjeld.

Med tanke for det mangfaldet turar som drosje-næringa har: Sjuketransport, funksjonshemma, skulekjøring, eldre, demente personar og barnehagar, og andre som har påført seg sjølv ein tilstand med nedsett funksjon av ein eller annan sort, som kan medføra vanskar for ein sjåfør å handsama.

Men ser ein på andre yrkesgrupper som delvis med dei same personane å gjera, som drosjane køyrer på, er minstekrava heilt noko anna. Som eksempel er helsepersonell, skular, barnehagar, der ein må ha utdanning for å handsama dei ulike behov som drosje-næringa gjør.

Dei seinare åra har det også vore stor tilstrøyming av utalandske sjåførar og drosjeeigar, og mange av dei snakkar dårleg norsk, og kan knapt skiva og lesa det norske språket. Underteikna har i lengre tid stilt seg undrande til korleis disse nykomne får sjåfør-bevis – kjentmannsprøve – samt løyvekurs- når dei knapt kan språket?

Eit døme skjedde for eit par år sidan, då ein tidligare sjåfør blei utskriven frå Haukeland Universitetssjukehus. Då ho kom i drosjen og skulle køyra heim til Stord, måte ho først visa sjåføren vegen til Halhjem ferjekai, og når dei endeleg var heimkomen til adressa hennar på Stord, måte ho visa sjåføren korleis han skulle leggja inn rekvisisjonen på taksameteret. Her var da openbart at han ikkje på noko hadde fått opplæring korleis han skulle gjera da. Tenk om detta skulle vert ein person som ikkje kunne greie for seg, som underteikn har opplevd ein del gonger med passasjer.

Det siste underteikna fekk høyra frå disse «nykomne landsmenn» var at nokon av dei som hadde løyve, men ville ha eit til, oppretta dei eit berre eit køyrenummer på kona si, og nokon av dei som ikkje hadde førarkort også, men eigaren kjører på dette køyrenummeret for og oppnå ansiennitet.

Dette kan ikkje vere ukjent for Norges Taxiforbund, som skal vera politisk frontfigur for drosjæringa?

Eg må understreka at underteikna ikkje har noko imot disse nykomne. Eg sjølv var den første drosjeeigar på Stord/Sunnhordland som hadde ein kjempelott kar frå Somalia «i brød».

Det å bli drosjeeigar og drosjesjåfør, bør minste krava vera at ein får faget innanfor linja transportfaget på vidaregåande skule. Først og fremst for heva kvaliteten innan i næringa, og samtidig for «å luka ut mykje ugras», både blant norske og utalandske eigarar og sjåførar.

Men om ein skal heva krava til næringa, må samtidig rammevilkåra i næringa hevast vesentlig, slik at yrket får tilbake den stoltheita dei hadde i si glanstid.

PS: Dette innlegget bygger eg på det generelle i Noreg, og ikkje noko spesifikk stad!
Stord ,507.17 Kjell Larsen.

